



| | | |
|----------------------------|------------|--------|
| Styre, utvalg, komite m.m. | Møtedato | Saksnr |
| Driftskomite | 02.09.2014 | 033/14 |
| Odda kommunestyre | 17.09.2014 | 067/14 |

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland. Høyring frå Odda kommune

| Dokumentnr | Tittel |
|------------|--|
| 240208 | Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - utsett høyringsfrist |
| 240209 | Høyringsmøte Hordaland-program |
| 236369 | Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse - orientering om forprosjekt i Hordaland |
| 239604 | Riksantikvaren: Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland - høyringsuttale |
| 238617 | Høyringsutkast mai 2014 - Hordaland. |

Rådmannens forslag til innstilling:

Odda kommunestyre viser til motteke dokument frå Riksantikvaren: Høyring til framlegg om «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland» og gir slik uttale:

1. Odda kommunestyre er glade for landskapskorridoren og energistrenge: Langavatnet, Skjeggedal/ Tyssedal / Odda by inkl. vestsida av Sørfjorden ut til Edna er føreslege å representera industrialskapet i ein nasjonal kontekst.
2. Odda kommunestyre sluttar opp om framlegget frå Riksantikvaren, viser til vedlagt administrativ uttale frå Odda kommune av 16. juli 2014 og vil gjerne bidra aktivt i prosessen vidare.

Rådmannen i Odda, 20.08.2014

02.09.2014 Driftskomite

Behandling:

Ramussen (A): Arbeiderpartiet ønsker vassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen ved konsesjonsrevisjonen. Vil denne planen kunna forpurra det? Har kommunen delteke på høyringsmøte?

Rådmannen : Det vanskeleg å sjå at Riksantikvaren si utgreieng og forslag om kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse skal ha innvirkning på det spørsmålet. Saksdokumentet / innstillinga frå Riksantikvaren har ikkje formell makt over andre planar (vassforvaltingsplan og kraftkonsesjonsrevisjon). Vi deltok på høyringsmøte i Bergen 13. august

DRK-033/14 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart vedteke med 8 mot 2 (Instanes og Solheim (DIN)) stemmer.

17.09.2014 Odda kommunestyre

Behandling:

Debatt om konsekvensane av å gå inn for nomineringa.

Folkvord (A) ;Saka er ikkje uttømande utgreidd. Realinnhaldet av å ta i bruk Omsynssone c som element den kommunale arealplanen - omtalt i siste avsnitt i høyringsteksten Område :Indre Sørfjorden :Industrilandskapet - er ikkje utgreidd tilfredstillande i saka.

Rådmann Guddal : Saka er godt nok utgreidd. Det står at kommunen bør (ikkje skal) gi deler av arealet omsynssone c i arealplanen. Spørsmålet om aktivering av omsynssone c vert styrt av kommunen og vil bli å ta standpunkt når kommunen utabeider ny arealplan. Denne saka forheld seg ikkje til denne tilrådinga då det trengst å avklarast som eit element av ein omfattande planprosess.

OK-067/14 Vedtak:

Etter framlegg frå ordførar Opdaal (H) vart saka samrøystes sendt tilbake til rådmannen

Saka gjeld:

Uttale frå Odda kommune til RA sitt høyringsdokument: «**Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland**»

I dette dokumentet er det føreslege i alt 9 slike landskap i fylket og er Sørfjorden er representert med 2 av dei :

- a. Industrilandskapet i indre Sørfjorden og med Odda til Edna / Tyssedal / Ringedalen til Langavatnet som definert sone
- b. Fruktdyrkingslandskapet i ytre Sørforden frå Gjertveit til Trones i vest og frå Espe til Krossanes på aust.

Elles er Hardanger representert med Eidfjord og kommunikasjon aust vest / kontakt med vidde og austanforliggende dalføre. I «nærrområdet» er Rosendal (møtestad og baroni) og Etne (jordbruksbygd med lang historie) føreslegne.

Odda by/ Tyssedal/ Skjeggedal / Ringedalen skil seg markant ut ved å vera det tematisk nyaste området som kulturlandskap og det med minst tidsspenn. Området er og det med størst omskapingskraft og mest konsentrert verdiskaping. Industriereisinga basert på kraft frå nyutvikla høgtrykksteknologi var med å skapa det moderne Noreg. Omforminga av landskapet og kulturminna i landskapet var og er framleis omfattande. Såleis pregar og aktiviteten landskapet på austsida av Sørfjorden til langt inn på Harangervidda med sine store reguleringar, damkonstruksjonar, overføring av elvar og kraftgater.

På vestida av fjorden er landskapet frå fjord til fonn i det føreslegne området intakte og prega av bratte, til dels sterkt rasprega lier og fossande breelvar opp mot høgfjellet og Folgefonna.

Vurdering /drøfting:

Høyringsdokumentet er, så langt rådmannen kan sjå, meint å setja kulturminna inn i tid og rom - dvs. i dialog med landskapet som skapte dei når «tida var moden». For Odda sin del var tida moden rett etter førre hundreårskifte og var ein ein dela avg nasjonsbygginga av den «den nye arbeidsdagen» basert på utnytting av fossekrafa «De hvite kull»

Kvaliteten i det føreslege industrialandskapet ligg i summen av landskapet sin opplevingskvalitet i seg sjølv og landskapet som grunnlag for omfattande vasskraftproduksjon og vasskraftforedling ved elektrokjemisk - og elektrometallurgisk prosessindustri med tilhøyrande industrielle kulturminneverdiar, opparbeidd kompetanse på formidling og dokumentasjon i lokalsamfunnet av det same – samt området sitt store innslag av uregulert vasskraft i «fritt fall» mot fjorden.

Uttalen til Odda kommune er meint å underbygga og utdjupa høyringsdokumentet og avklara kommunen sine ambisjonar til både til det levande indistrilandskapet og til vern-, formidling og ny bruk av det same industrilandskapet sine kulturminne.

Rådmannen saknar ein tydelegare formålsprofil i dokumentet i høve til forvalting og tek såleis eit etterhald om at denne målsettinga må positivt uttrykkast.

Odda /Tyssedal er ein stad der ikkje berre industrien sine kulturminne er omfattande, men og ein stad med høgst levande elektrokjemisk- og elektrometallurgisk prosessindustri som kontinuerleg omskaper seg i pakt med teknologi-, marknads- og samfunnsforhold. Difor vert det generert også nye industriminne i dette samfunnet. Industrien er ikkje ein forlatt posisjon, men speler ein intakt, vital, verdiskapande og samfunnsdannande rolle for Odda / Tyssedal. Det er ein styrke i seg sjølv.

Den administrative uttalen er meint å gi innspel til høyringsmøtet i Bergen 13. august , samt vera supplerande vedtaksunderlag for den politiske behandlinga i Odda kommune. Den administrative uttalen fra Odda kommune er og avleidd av det forhold at teksten som fylgte framlegget delvis var prega av lite presis skriving, hang for dårlig saman tekstleg og var til dels mangelfull – jamf. argumentasjon, konkrete forslag til endring av tekst og ønske om deltaking i prosess (jamf. avsnitt om «*Sårbarheit, tolegrenser og forvalting*» i motteke og vedlagt adm. høyringsbrev.

Økonomiske konsekvensar:

- a. Driftskonsekvensar: Ingen
- b. Investeringskostnader : Nei

Uttale frå kommunale råd: Nei

Risikovurdering:

Konsekvensar / eventuelle konsekvensar av ikkje å gjera noko:

Landskapsverdiane/ kulturminna det vert peika på i motteke høyringsdokument kan bli underkommuniserte slik at vi ikkje oppnår den gevinst som dei same verdiane godt forvalta og formidla vil tilføra lokalsamfunn, region og nasjon.

Saka sitt forhold til

Overordna planar og lovverk:

- a. Kommuneplan – samfunnsdel : Ja, og særleg Odda kommune sin Kulturminneplan
- b. Aktuelle lover: Kulturminnelova – særlig bestemmelser om Freding og vern samt med relevans for Plan og bygningslova

Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø :

Positive koplinger; Innsikt i og merksemnd på verdiskaping og kulturminnevern vert sett på som plusselement for eit lokalsamfunn

Klima, miljø og energi : Nøytralt

Verdiskaping og næring; Positive koplinger der vasskrafta – og prosessindustrien sine kulturminne vert fokusert. Naturen som basisressurs vert synleg og formidla som grunnlag for industrireising, verdiskaping og samfunnsdanning. Det er ein føresetnad at dette arbeidet ikkje hidrar ei god utvikling av eksisterande og ny næring - jamf. avsnitt om «*Sårbarheit, toleranse og forvalting*» i høyringsdokumentet

Samandrag/ konklusjon:

Odda kommune tykkjer vel om at Riksantikvaren løftar fram vasskrafta og den elektrokjemiske og elektrometallurgiske prosessindustrien sitt landskap med dei kulturminne som denne samfunnsdannande krafta har generert og framleis genererer, og ønskjer å vera ein aktiv deltaktar prosessen vidare.

Saka skal ekpederast av: Sakshandsamar

Særutskrift skal sendast til: Riksantikvaren,
Hordaland fylkekommune – Kulturavdelinga,
Hardangerrådet,
Norsk Vasskraft og Industrisstadmuseum
Arkiv